

**Noreg i Europa, framveksten av ein norsk europeisk identitet ca. 1100-ca.1200**

Steffen Hope

Utetter 1100-talet vaks den norske kyrkja fram som ei av dei viktigaste samfunnsmaktene i Noreg. Gjennom utviklinga av ein sentralisert administrasjon, ein latinsk skriftkultur og deltaking i eit europeisk religiøst nettverk var kyrkja med på å forme ein norsk historisk identitet som var både unik for Noreg men også typisk for den latinske kristenheiten. Kyrkja sin framvekst resulterte i ein omfattande tekstproduksjon både på norrønt og latin, kor Noreg sin plass i den universelle kristne historia vart formulert.

I dette emnet vil vi lese eit utval av mellomalderkjelder produserte i Noreg på 1100-talet, kor norsk historie vert sett i ein større europeisk samanheng. Emnet har to hovudpunkt. Det eine er helgenkult, som vi utforskar både ved å lese helgenlegender og ved å lese om helgenkulten si rolle i ulike delar av samfunnet. Det andre hovudpunktet er historieskriving, kor vi vil lese ulike historieverk – inkludert helgenlegender – der vi kan sjå korleis norske og islandske historieskrivarar forstod Noreg sin plass i ein større geografisk og kulturell kontekst. Begge hovudpunkta vert utforska gjennom eit komparativt syn på samtidige strøymingar i Europa.